

BESTANDSPLAN FOR HJORT

2008-2010

VALD NR 006

YNNESDAL

ENGESÆTER

TYNNING

Me har valgt å dele inn planen soleis:

1. Innleiing
2. Status og vurderingar
3. Erfaringar og Handlingsdel

1. INNLEIING:

A. Planområde / Areal.

Planområdet gjeld vald nr. 006 Ynnesdal, Engesæter, Tynning. Valdet består av 3 jakt feltt. Valdet grensar mot Midtre Gulen Hjortevald i vest, Masfjorden kommune i sør og Wergland / Haugland / Brekke i øst og nord.

Valdet består av fleire skogkledde dalføre, og har eit teljande areal på 32381 da.

Medlemar i valdet er grunneigarane på Gnr. 123 Ynnesdal, Gnr. 125 Engesæter og Gnr. 126 Tynning.

B. Planperiode

Denne planen gjeld for treårsperioden 2008 – 2010, og planen skal reviderast innan utgangen av 2010.

C. Mål

Valdet har som målsetjing å forvalte hjortestamma innanfor planområdet på ein slik måte at stammen held seg mest mogeleg stabil. Dette kan målast gjennom dei teljingane me driv, vårteljing og sett hjort.

For å ha ein sterk og levedyktig bestand også i framtida er det nødvendig:

- Å halde stamma på eit nivå der ho er i balanse med næringsgrunnlaget.
- Å hauste biologisk rett av stamma.
- Å halde ei god kjønns- og alderssamansetjing i stammen, dvs 15 – 25 % kalv, 35 – 45 % hodyr og 35 – 45 % handyr.
- Å sikre ei effektiv og human jakt.

2. STATUS OG VURDERINGAR

A. Historikk

I området har det vore hjort i over hundre år, med jakthistoriar tilbake til tidleg på 1900 talet. I perioden rundt andre verdens krig var det heller eit sjeldant syn å møte hjorten, men dei siste 50 åra har stammen auka jamt å trutt. Meir nøyaktige fellings resultat har me frå midten av 60 åra.

Fellings resultatet dei siste ti åra har vore tilnerma 100 %.

B. Trekkvegar

Om vinteren trekkjer hjorten sørover mot Masfjorden og sørlege deler av kommunen, men ein god del dyr er i området også om vinteren. I valdet er det fleire trekkvegar aust/vest.

C. Beiteskadar

Dei største skadane er beiting og avføring på innmark. Dette reduserer avlinga og forringar førkvaliteten. Skog skadar er lite aktuelt i vårt område.

D. Trafikkdrepte dyr.

Trafikk drepte dyr er ikkje eit problem i vårt vald.

E. Sett hjort.

Vårteljinga av hjort dei seinaste åra viser ein stabil og litt aukande stamme. Me har og registrert hjort i valdet under jakta dei siste tiåra, og har soleis gode opplysningar om antall og vekt utvikling i stamma.

3. ERFARING OG HANDLINGSDEL

A. Erfaring.

Erfaringa med tre år med bestandsplan er positive. Med overføring av dyr er det lettare å ta ut rett type dyr og rett mengde. Me ser og at det er rom for å auke avskytinga i tre års perioden og få vekk evt "skrapdyr".

B. Avskyting

Med erfaringar frå siste treårs periode prøver me same opplegget. Fordeling av fellingsløyve blir gjort etter fylgjande alders og kjønnsfordeling: Kalv 15 – 25 %, Hodyr 35 – 45 % og Handyr 35 – 45 %.

Me vidareføre ordninga med overføring av dyr frå år til år. Dvs. at me kan overføre **inntil 3 dyr** totalt i valdet.

C. Skrapdyr

Me opplever av og til små dyr i området, dette meiner me er dyr som me bør "få vekk". **Derfor ynskjer me tre dyr ekstra** i desse tre åra som planen gjeld for, som me kan bruke til evt. "erstatnings dyr" for uttak av skrap dyr.

(Desse dyra er ikkje med i fellingsløyve og skal ikkje hentast ut, utan felling av skrapdyr.)

Me ynskjer å bruke desse vektene som grense for skrapdyr: Kalv: under 20 kg., 1,5 års hodyr: under 35 kg., 1,5 års handyr: under 40 kg, eldre hodyr: under 50 kg og eldre handyr: under 60 kg.

D. Fellingsløyve

Med bakgrunn i at me i valdet har rikeleg med areal pr. dyr, ynske om utleige av jakt og med bra avskyting dei siste åra, og med fortsatt ein auke i bestanden, ynskjer me ein auke i fellings løyve.

Me er soleis einige om å søkje om 66 dyr i treårs perioden (inkl. dei 3 skrapdyra).

E. Ettersøkshund

Kvart jaktfelt har ansvar for å inngå ettersøksavtale.

(Alle tre jaktfelte har siste år hatt avtale med Masfjorden ettersøkslag.)